

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
117/16	Formannskapet	PS	09.11.2016
133/16	Formannskapet	PS	23.11.2016
013/16	Valnemnd	PS	07.11.2016
095/16	Heradsstyret	PS	07.12.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Laura Ve	15/3470

Oppstart av planarbeid og fastsetting av politisk arbeidsgruppe - Kommunedelplan for oppvekst Osterøy kommune planID 12532015008

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet vedtek oppstart av planarbeid for Kommunedelplan for oppvekst Osterøy kommune, PlanID 12532015008, jf. Plan- og bygningslova § 11-12.
2. Formannskapet fastset politisk arbeidsgruppe med minimum 5 medlemmer frå Heradstyret til planarbeidet:

Heradstyret til planarbeidet:

Formannskapet - 117/16

FS - behandling:

Ordføraren gjorde på vegner av KRF, SP, V, MDG og H slikt framlegg: "1. Formannskapet vedtek oppstart av planarbeid for Kommunedelplan for oppvekst Osterøy kommune, PlanID 12532015008, jf. Plan- og bygningslova § 11-12.

2. Formannskapet fastset følgjande politisk arbeidsgruppe med 5 medlemmer frå heradstyret til planarbeidet:

KRF: Kari Mjøs

Sp: Lars Fjeldstad

V :Kjersti I. Vevatne

og ein representant frå kvar ar partia Ap og FrP."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 16.45 - kl. 16.55 for å få avklart om det er høve til "mindretalsanke" av vedtaket til heradsstyret etter gjeldande utvalsreglement. Dette vart ikkje heilt avklart i møtet.

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett til neste møte."

AVRØYSTING - utsettjing

Utsettjingsframlegget vart samråystes vedteke.

FS - vedtak:

"Saka vert utsett til neste møte."

Formannskapet - 133/16

FS - behandling:

Før møtet vart notat frå rådmannen om forståing av "mindretalsanke" i utvalsreglementet send ut.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert oversendt heradstyret utan realitetshandsaming."

Ordføraren tok opp att sitt framlegg i formannskapet 09.11.16: "1. Formannskapet vedtek oppstart av planarbeid for Kommunedelplan for oppvekst Osterøy kommune, PlanID 12532015008, jf. Plan- og bygningslova § 11-12. 2. Formannskapet fastset følgjande politisk arbeidsgruppe med 5 medlemmer frå heradstyret til planarbeidet: KrF: Kari Mjøs, Sp: Lars Fjeldstad, V :Kjersti I. Vevatne og ein representant frå kvar ar partia Ap og FrP."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Ordføraren sitt framlegg - 5 røyster (1KRF,1MDG,1H,1SP,1V)

Alf T. Mortensen sitt framlegg - 4 røyster (2AP,2FRP)

Johannes Bysheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Vedtaket vert i medhald av utvalsreglementet § 3 anka til heradsstyret."

AVRØYSTING

Framlegget fekk 4 røyster (2AP,2FRP).

Saka går etter dette til heradsstyret til avgjerd.

FS - vedtak:

"**1. Formannskapet vedtek oppstart av planarbeid for Kommunedelplan for oppvekst Osterøy kommune, PlanID 12532015008, jf. Plan- og bygningslova § 11-12. 2. Formannskapet fastset følgjande politisk arbeidsgruppe med 5 medlemmer frå heradstyret til planarbeidet: KrF: Kari Mjøs, Sp: Lars Fjeldstad, V :Kjersti I. Vevatne og ein representant frå kvar ar partia Ap og FrP."**

Heradsstyret - 095/16

HS - behandling:

Johannes Bysheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Det vert vald slike medlemmer i arbeidsgruppa: Tone Mjelde, AP, Johannes Bysheim, AP og Gunnhild Tyssebotn, FRP."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 21.45 - kl. 21. 55 med gruppemøte for SP, MDG, KRF og V.

Ordføraren gjorde slikt framlegg: "Valet vert halde som avtaleval. Det vert vald slike medlemmer: Kari Mjøs, KRF og Lars Fjeldstad SP."

AVRØYSTING

Avtaleval - samrøystes

Val av medlemmer - samrøystes

HS - vedtak:

- 1. Heradsstyret vedtek oppstart av planarbeid for Kommunedelplan for oppvekst Osterøy kommune, PlanID 12532015008, jf. Plan- og bygningslova § 11-12.**
- 2. Heradsstyret fastset politisk arbeidsgruppe med 5 medlemmer frå heradstyret til planarbeidet: Desse vert valde: Tone Mjelde, AP, Johannes Bysheim, AP, Gunnhild Tyssebotn, FRP, Kari L. Mjøs, KRF og Lars Fjeldstad, SP.**

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det skal utarbeidast kommunedelplan for området oppvekst i tråd med kommunal planstrategi for Osterøy kommune. Arbeidet vil føregå parallelt med utarbeiding av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Vurdering

Planarbeidet har som målsetting å utarbeida eit overordna og godt styringsverktøy for kommunal verksemd innanfor området oppvekst. Det er behov for å sjå på særlege utfordringar og finna retning for kommunen som tenesteytar og samfunnsutviklar på området. Dette har særleg betydning for arbeidet innan Sektor for oppvekst, undervisning og kultur men det har også stor betydning for andre ansvarsområder til kommunen og for kommunen si rolle som samfunnsutviklar. Gode løysingar og godt forankra prioriteringar krev drøfting og eining om felles mål og godt samarbeid på tvers av fag-, sektor- og ansvarsområder. Dette gjer arbeidet med oppvekstplanen særleg spanade og viktig for framtidig utvikling av Osterøy som samfunn.

ORGANISERING

Vedtaksorgan - Heradstyret

Styringsgruppe – Rådmannen si strategiske leiargruppe med spesialrådgjevar for skule og spesialrådgjevar barnehage

Prosjekteigar – Sektorleiar OUK (oppvekst, undervisning og kultur)

Prosjektleiing – Sektorleiar, Leiar for familiens hus, medarbeidar plan

Administrativ arbeidsgruppe – prosjektleiinga saman med utpeika fagpersonar innan sektor for oppvekst, undervisning og kultur (OUK)

Politisk arbeidsgruppe – gruppe på minimum 5 medlemmer i Heradstyret, fastsett av Formannskapet

For ein god og brei planprosess og forankring av planarbeidet både politisk og administrativt er det ønskeleg å nytta ei administrativ arbeidsgruppe med medlemmer frå flere områder i kommunen sin organisasjonen som berører oppvekstfeltet og ei politisk arbeidsgruppe fastsett med medlemmer frå Heradstyret. Dette kan vere med på å sikra god forankring og eit godt samspel mellom fagområda og vedtaksmynne i kommunen.

Konklusjon

Rådmannen tilrår Formannskapet å fastsette politisk arbeidsgruppe med minimum 5 medlemmer frå Heradstyret.

